

Kart for Aktivitetsdag i ideelt ver!

08.06.2012



Ein del av dei mange som arbeidde med førebuingane fredag kveld.

Førebuingane til Aktivitetdagen i morgen, laurdag, er under full kontroll. I kveld var ein stor og rutinert stab i arbeid i båthamna. Til og med vergudane har dei kontroll på. Det er ikkje meldt strandver, men ideelt ver for denne rette stemningen på ein aktivitetsdag som dette. Startskotet går kl. 11, og då går det slag i slag utover.

Aktivitetane inneheld noko for alle grupper, i ulike aldrar. Som vanleg vert det både musikkinnslag, danseinnslag og mykje godt å eta. Andeløp er etter kvart blitt ein tradisjon, medan kuskitbingoen er ei nyskaping av året. Dei som ikkje alt har sikra seg and-delsbrev og kuskitbingoark får mulighet til å kjøpa på aktivitetsdagen slik at dei kan få testa vinnerlukka på dei fine gevinstane.



Plakaten nedanfor viser mange spennande aktivitetar. Nytt av året er og Fjordrafting som heilt sikkert vert ein populær aktivitet. Det er Schat Harding som stiller med utstyret til dette spennande innslaget. Tøffe Toget har vore med i mange år, og det er sjølv sagt på plass. Særleg dei yngste er nok glad for det!! Denne aldersgruppa ventar nok og spent på Sjørøvarkaptein Sprød. I følge arrangørane er han alt på vei med følgjet sitt.

Fjordraftinga vert heilt sikkert populært!

Arrangementet vert avslutta med Hopp i havet. Ikvel er talet på påmelde farkostar kome opp i 12. Dermed skulle suksessen for dette innslaget vera sikra også i år. Damevennene gjer ein imponerande innsats. Svært mange gjer ein innsats under Aktivitetdagen både med førebuingar, salg og avviklinga elles. Men så er Aktivitetdagen også blitt eit svært populært innslag i sommar- Uskedalen!

Av: Thor Inge Døssland.

AKTIVITETSDAG



Uskedal Båthavn

Laurdag 9. juni

Program:

11.00 Opening

11.30 Kvinnherad Trekkspelklubb

12.00 Sang v/Birte og Bente

12.30 Dansegruppe

**13.00 Sjørøvarkaptein Sprød ankrar opp i
Båthavna.**

14.30 Andaløp i Uskedalselva

15.00 "Hopp i Havet"



11.00-15.00: Grilling, kaffi, kaker, sukkerspinn, leikeland, Football shoot out, brannbilturar, lotteri, lykkehjul, togturar, fjordrafting, roing, kuskit bingo, jurklutkasting...

Arranger: Damevennene

Noko for alle sin smak!!